



Årsplan for Fedje barnehage

2023/2024

Innhold

Forord.....	2	Kommunikasjon og språk	20
Verdigrunnlaget til barnehagen	3	Vennskap og fellesskap	21
Om barnehagen vår.....	4	Barnehagens psykososiale miljø.....	21
Samarbeid mellom barnehagen og heimen.....	5	Den digitale praksisen i barnehagen	22
Samarbeid mellom barnehagen og skulen.....	6	Arbeidsverktøy	23
Inkluderende barnehage – og skulemiljø	6	AlleMed	23
Trygt og godt barnehagemiljø	7	Tras	23
«Dei utrulege åra» - DUÅ	8	Småsteg	23
Dei sju fagområda	9	Språksprell	23
Fagområde: Kommunikasjon, språk og tekst	10	Mattekassen	23
Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet	11	Planlegging og vurdering	24
Fagområde: Natur, miljø og teknologi	12	Planlegging	24
Fagområde: Mengd, rom og form	13	Vurdering.....	24
Fagområde: Etikk, religion og filosofi	14	Samarbeid med andre	25
Fagområde: Kropp, rørsle, mat og helse	15	Foreldreråd (FAU).....	25
Fagområde: Nærmiljø og samfunn.....	16	Samarbeidsutvalet (SU).....	25
Leik	17	Helsestasjon	25
Læring.....	17	Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).....	25
Omsorg	18	Barnevernstenesta	25
Bornas medverknad	18	Tverrfagleg team	25
Danning	19	Fensfjorden DUÅ	25
		Årshjul.....	26



Forord

Me ønskjer alle hjarteleg velkommen til eit nytt og spanande år i Fedje barnehage!

I år vil barnehagen ha ekstra fokus på fagområdet «Nærmiljø og samfunn» og avdelingane vil lage eigne planar med temaet «Øya mi». Gjennom arbeid med fagområdet skal borna få kjennskap til lokale tradisjonar, yrker, det kulturelle mangfaldet, ulike levemåtar og språk. Borna skal få utforske det varierende landskapet vårt, bli kjend med sitt nærområde og korleis me ferdast trygt.

Me skal oppmuntre til medverknad av eigen kvardag, slik at me får lagt grunnlaget for erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Me engasjerer oss i kommunevalet, og nyttar tida før og etter valet til å engasjere borna i kva som er viktigast for dei i vår kommune. Kanskje me har ein framtidig ordførar i barnegruppa?

Gjennom året arbeidar barnehagen med mange ulike tema, og ifølgje lov om barnehagar skal alle barnehagar utarbeide ein årsplan. Årsplanen skal innehalde informasjon om korleis barnehagen arbeider med dei ulike temaene, korleis barnehagelovas

bestemmelsar om innhald blir følgt opp og korleis det blir dokumentert og vurdert.

Årsplanen byggjer på Rammeplanen til barnehagen, som er ei forskrift til barnehagelova. Lova fastset overordna føresegner om føremålet, og innhaldet i barnehagen. Rammeplanen gjev retningslinjer for verdigrunnet, innhaldet i barnehagen og oppgåvene til barnehagen.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, den skal dokumentere barnehagen sine val og grunngevingar. Den skal gje informasjon om det pedagogiske arbeidet til myndighetsnivåa og samarbeidspartnarar.

Barnehagen er, ifølgje Rammeplanen for barnehagen, ei pedagogisk verksamheit der samfunnsmandatet er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby born under opplæringspliktig alder eit omsorgs – og læringsmiljø som er til bornas beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med bornas heim.

Barnehagelova påpeikar at barnets beste skal vere eit grunnleggande hensyn i alle handlingar og avgjeringar rundt borna i

barnehagen. Barnets beste må bli fylt av fagfolk og yrkesgrupper som har barnehagefagleg kompetanse.

Avdelingane våre er leia av barnehagelærarar og personalet elles er utdanna fagarbeidarar eller assistentar med mange års erfaring eller anna fagleg bakgrunn. Det er alltid viktig at me saman som ei personalgruppe går gjennom jamlege kompetansehevingar som gjer oss eit felles grunnlag for arbeidet vidare. I både større og mindre endringar i barnehagen vår vil alltid fokuset ligge på kva som er til barnets beste – både på gruppenivå og individnivå. Det er viktig for oss å sjå borna, møte dei der dei er, følgje dei opp og gje dei det aller beste grunnlaget for framtida som me kan.

Me gler oss til eit nytt barnehageår – me håpar det blir lagt nokre steinar i grunnmuren i år også.

Stine Waage
Styrar, Fedje barnehage

Verdigrunnlaget til barnehagen

Lov om barnehagar §1 Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger»

Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN – konvensjonen om rettane til barnet.

Barnehagen må møte alle barn som ulike individ og gje dei den omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjening som dei treng og har rett på. Me skal sikre at borna får ta del i og medverke i fellesskapet, fremje demokrati, mangfald, gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Barnehagen er ein viktig arena for borna der dei gjer seg erfaringar av det å vere ein del av eit demokrati. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet vil borna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.

Barnehagekvardagen skal vere prega av tryggleik, likeverd, gjensidig omsorg, leik, utforsking, spontanitet, oppmuntring, utfordringar, mykje leik og gode venar.



Om barnehagen vår

Fedje barnehage er eigd av Fedje kommune. Drifta er styrt av lov om barnehagar, Rammeplanen for barnehagen og kommunale vedtekter for barnehagen.

Barnehagen har to avdelingar med til saman 36 plassar.

Barnehagen ligg i eit lunt område og har eit uteområde som er tilrettelagt ulike typar leik, og med utfordringar for alle aldersgrupper.

Barnehagen er open alle kvardagar frå 07.10 – 16.00. Etter avtale kan ein nytta tida fram til 17.10, men dette må tingast dagen i forvegen.

Unntak er:

- Planleggingsdagar
- Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen 12.00
- Jul – og nyttårsaftan er barnehagen stengt

Me har gåavstand til fleirbrukshall og symjebasseng. Borna startar med symjeopplæring når dei er 4 år. Heile øya er nærområdet til barnehagen, og me har mange fine turområder me nyttar. Me går blant anna

til fotballbana, fjæra i Flyndrevågen, til hytta i skogen, Varden og Sandskjeret.

Barnehagen serverer alle måltid i barnehagen, og legg til rette for tre måltid om dagen; frukost, lunsj og frukt. Me serverer sunne og varierte måltid, og har alltid fokus på god handhygiene.

Barnehagen nyttar Vigilo som kommunikasjonssystem der alle føresette har tilgang. Føresette kan laste ned ein app og få daglege oppdateringar frå barnehagen, sende og motta meldingar, lese månadsplanar, rapportar, legge inn feriar og fridagar.

KONTAKTINFORMASJON TIL BARNEHAGEN

Styrar i barnehagen er Stine Waage, som kan nås på:
56 16 51 35

stine.waage@fedje.kommune.no

Barnehagen: 56 16 51 36

Mobil: 408 07 750

Uavhengig om det er nettbrot, straumbrot o.a. virkar
hustelefonane våre.



Samarbeid mellom barnehagen og heimen

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (...) Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål» (Rammeplanen for barnehagen s.29)

Foreldresamarbeidet skal skje både på gruppenivå og på individnivå.

I barnehagen vår skal foreldre/føresette oppleve:

- At alle tilsette legg til rette for og bidreg til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim.
- Å få god informasjon om barnet sitt og det som skjer i barnehagen gjennom foreldsamtar, foreldremøter, hente – og bringesituasjon og barnehageapp.
- Å bli godt tatt imot når dei kjem.
- Å få medverke, bli lytta til og bli tatt på alvor.

- Eit godt samarbeidsklima mellom tilsette
- At dei får god kommunikasjon om barnehagens innhald gjennom skriftlege planar og på barnehagen si heimeside.

I barnehagen vår forventar me at foreldre/føresette:


- Deler informasjon kan ha betydning for barnet i barnehagen.
- Engasjerer seg i barnehagens innhald
- Har ein open og ærleg kommunikasjon/dialog med dei tilsette

For borna betyr dette tryggleik, trivsel og god utvikling!

Personalet skal, så langt det lar seg gjere, alltid vere tilgjengeleg i hente – og bringesitasjonar slik at føresette kan både gje og ta imot beskjedar, få oppdateringar frå barnehagedagen og elles anna utveksling som trengs å bli gjort. Ein kan også ringe, sende melding via Vigilo og be om samtalar med avdelingsleiar utanom dei fastsette foreldresamtalane.

Barnehagen inviterar til foreldremøter, foreldrecaffi og legg opp til to foreldresamtalar i året. Barnehagen skal leggje til rette for at føresette og personalet jamleg snakkar om observasjonar, erfaringar, korleis barnet trivst, utvikling og læring.

Barnehagen ynskjer å ha moglegheit for uformell kontakt med personalet, gje føresette tid til å bli kjend med kvarandre – men at ein også møtes for å utveksle informasjon om barnet, for å sikre trivsel og utvikling.



Samarbeid mellom barnehagen og skulen

«Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheitar som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner.» (Rammeplanen for barnehagen s.33)

Det trygge med å gå i barnehage på Fedje er at alle skal starte på same skule, og alle skal gå i same klasse. Dei kjenner fleire av borna som allereie går på skulen, dei kjenner nokre av lærarane og dei som arbeidar på SFO. Likevel skal dei gå frå å vere dei som kan alle reglane og rutinane i barnehagen, til det ukjende på skulen. dei skal gå frå å vere dei eldste til dei yngste.

Siste året i barnehagen er borna ein del av «5 - årsklubben». Minst ein dag i veka har denne gruppa skuleførebuande aktivitetar, der dei øver seg på å vente på tur, rekke opp handa, har friminutt og får ein forsmak på tal, bokstavar,

sortering, former, det å arbeida sjølvstendig og i grupper.

Me legg opp til at dei eldste borna skal bli meir sjølvstendige. Dei kler på seg sjølv i garderoben, skiftar våte klede, heldt plassen sin ryddig i garderoben og me øver på sosiale ferdigheitar som f.eks. konfliktløsning.

Barnehage og skule har eit tett samarbeid som me heile tida arbeidar med skal bli tettare. «5 – årsklubben» deltek jamleg på uteskule, har besøksdag av 1.klasse og besøker 1.klasse på skulen. Det vil bli utarbeida eit årshjul som vil innehalde jamlege besøk gjennom året, der det også vil bli lagt opp til besøk på SFO, vere med i friminutt, i gymtimar osv. slik at borna kan vere endå meir førebudd på det dei møter når dei startar på skulen.

Det er viktig at borna kan vere så førebudd som dei kan for at overgangen skal vere god, og at forventingane til borna samsvarar med det dei møter på.

Barnehagen inviterar til foreldresamtale ikkje lenge før skulestart, slik at me kan ha ein samtale om overgangen frå barnehagen til skule. [Me prøver alltid å la dette bli ein så fin overgang som mogleg, for alle](#)

Inkluderande barnehage – og skulemiljø

Fedje kommune deltok i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «inkluderande barnehage – og skulemiljø» frå vår 2020 til vinter 2022. Målet med prosjektet var å styrke barnehagar, skular og eigar sin kompetanse til å skape og oppretthalde gode barnehage – og skulemiljø, førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.

Tilsette deltok i dette prosjektet gjennom nasjonale og regionale fagdagar og samlingar. Lokalt arbeida barnehage og skule med kvar sine mål, og har hatt felles planleggingsdagar og foredragshaldarar.

Implementeringsarbeid tek tid, og dette er noko barnehage arbeidar vidare med. Jamleg blir det lagt opp til inviterte foredragshaldarar som har tema for barnehage og skule. Mellom kvart foredrag skal ein arbeide med tema gjennom møter og planleggingsdagar.

Eit inkluderande miljø på Fedje klarar verken skule eller barnehage åleine – her må også føresette med. Ved fleire høve vil me invitere foreldre til ulike foredrag, og me vil også ha dette som tema på foreldremøte i barnehagen der me vil legge opp til ulike gruppearbeid.

Trygt og godt barnehagemiljø

For born er venar og leik ein føresetnad for å trivst i barnehagen. Det er dei vaksne sitt ansvar å støtte born i å etablere vennskap og utvikle leikekompetanse. Eit barnehagemiljø som stimulerar vennskap blant borna, er i seg sjølv førebyggjande mot mobbing.

Dei vaksne si forståing av born og borna si åtferd er grunnlaget for om vaksne ser, reflekterer, handlar og evaluerar eigen praksis, og det er dei vaksne sine haldningar som legg til grunn for dei handlingane som blir utført.

Alle tilsette har ei plikt til å følgje med på korleis alle borna i barnehagen har det, og skal gripe inn dersom eit barn blir utsatt for krenkelsar. Dette kan for eksempel vere utestenging frå leik, plaging, mobbing, vald eller diskriminering.

Born som viser ein åtferd som ikkje kan akseptast må få hjelp til å forstå at åtferda er uakseptabel. Barnet blir like fullt anerkjent av den vaksne som verdifull. Det vil den vaksne vise i barnehagekvardagen ved å vere anerkjennande gjennom å lytte, forstå, bekrefte, vise toleranse og respekt.



I barnehagen vår skal borna oppleve tilsette som:

- Er fysisk og psykisk tilstade
- Hindrar og stoppar all form for ekskludering og krenkande åtferd
- Er varme og grensesettande
- Inkluderar alle borna
- Støtter borna i å etablere gode relasjonar og utvikle vennskap
- Har jamlege barnesamtalar med dei eldste borna
- Legg til rette for varierte aktivitetar

- Omtalar born, vaksne og familiar på ein positiv måte
- Har kunnskapen og kompetansen til å beskytte born i sårbare situasjonar

Føresette har ein viktig faktor når det kjem til forebyggjande arbeid, og kan hjelpe sine egne andre born til å bli inkludert i barnegruppa. Som føresett kan du:

- Sei «hei» til dei andre borna når du kjem i barnehagen.
- Invitere heim og leggje til rette for nye vennskap.
- Melde frå til barnehagen dersom du oppdagar erting/mobbing blant borna.
- Gje tilbakemelding om trivsel og opplevingar
- Følgje opp og ha eit tett samarbeid med barnehagen.

Barnehagen og heimen har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen. alle born og føresette skal oppleve å bli tatt på alvor av dei tilsette dersom dei kjem med ei bekymring om at eit barn blir utsatt for krenkande ord eller handlingar.


Føresette og dei vaksne i barnehagen er borna sine viktigaste rollemodellar – dette er ei rolle me må ta på alvor.

«Dei utrulege åra» - DUÅ

DUÅ er eit program som barnehagen har arbeida med over fleire år. Mange av dei tilsette vart kursa i programmet 2018/2019 og det vil bli lagt opp til at dei som ikkje har tatt kurset vil gjere det i kommande barnehageår, 2023/2024.

Programmet er utarbeida av Carolyn Webster – Stratton, og målet er å bli betre kompetente til å vere med å [hjelpje borna i å byggje sosial kompetanse til kvarande](#).

Arbeidet med DUÅ blir gjennomført i tråd med eit fastsett årshjul. Me arbeidar med programmet gjennom heile året, og har fokus på ulike emne kvar mnd. Me legg stor vekt på å byggje gode relasjonar til barn og føresette.



Nokre av tema ein finn i DUÅ er:

- Relasjonsbygging
- Å vere proaktiv
- Å fremje god åtferd
- Bruk av belønning
- Rollemodellar
- Å lære problemløysing

Fedje barnehage er også ein del av «DUÅ – nettverksgruppe» der me saman med nabokommunane deltek på samlingar, planlegg kurs, drøftar tema og har «DUÅ – boost».

Programmet er med på å samkøyre arbeidsmetodar, slik at borna treff likheit i ulike samanhengar. [DUÅ er med på å bevisstgjere dei tilsette gode verkemiddel i arbeidet med borna.](#)



Dei sju fagområda

Læring står sentralt i Rammeplanen, og læringsmiljøet i barnehagen omfattar sju område:

- **KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST**
- **KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE**
- **KUNST, KULTUR OG KREATIVITET**
- **NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI**
- **MENGD, ROM OG FORM**
- **ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI**
- **NÆRMILJØ OG SAMFUNN**

Fleire fagområde vil ofte vere representerte samstundes når me arbeidar med tema, i kvardagsaktivitetar, i lek og på turar.

Fagområda byggjer i stor grad på det borna vil møte på skulen og Rammeplanen understrekar at barnehagen er starten på utdanningsforløpet.

Kvart område har progresjonsplan som er laga med utgangspunkt i Rammeplanen for barnehagen, og kva den seier for om barnehagens innhald. Progresjon vil sei at alle barn i barnehagen skal få utfordringar som er tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheit slik at dei opplever framgang og meistring. Me tek i bruk varierte arbeidsmåtar,


og arbeidsmåtarne blir tilpassa kvar enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet vårt.

Fagområda gjenspeilar område som har interesser og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barnehagen har eit satsingsområde for barnehageåret 2022/2023:

Barnehagen har også eit hovudtema for barnehageåret: «Øya mi».

Kvar avdeling utarbeidar halvårsplanar for tema som inneheldt korleis dei arbeidar med tema, og korleis det blir knytt opp mot dei sju fagområda.



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst

I barnehagen skal borna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, song, litteratur og tekst.

Det blir retta fokus på å gå djupare inn i tekstane saman med borna, der me blant anna arbeidar med sjølve språket og innhaldet i teksten, dette for å auke språkforståinga, utvida språkforrådet, invitere til samtalar og felles leik.

Me nyttar språket til å skape relasjonar, delta i leik og som eit reiskap til å løyse konflikhtar. Barnehagen skal bidra til at borna uttrykkjer sine kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar.

Progresjonsplan for; Kommunikasjon, språk og tekst

Mål er henta frå Rammeplanen

	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«Opplive spenning og glede ved høgtlesing, forteljning, song og samtale.»	«Bruke språket til å skape relasjonar og delta i leika, som reiskap til å løyse konflikhtar.»	«Utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, t.d. leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese – og skriveaktivitetar.	«Synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	Bruk av peikebøker Bruke bøker med lite tekst Konkret som utgangspunkt for samtale Bruke enkle rim Songar med bevegelse Leikegrupper	Språksamlingar med bruk av bøker, bilete, konkret og spel Leike med rim og regler Dramatisering Arbeidsverktøy - Språksprell - Småsteg	Bli kjent med bokstavar Få eit positivt forhold til tekst og bilete. Bruke det i samtalar og som inspirasjon til leik. Arbeidsverktøy - Språksprell - Småsteg	Skape eit språkstimulerande miljø. Respondera på borna sitt kroppsspråk. Vere tilstade – der borna er. Bruke språk til å skape relasjonar.

Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal leggje til rette for samhoøyrige og kreativitet, og vidareutvikle dei kreative prosessane til borna. Opplevingar med kunst, kultur og kreativitet skal leggje grunnlaget for tilhøyrighet og deltaking.

Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Borna skal ha tilgang til rom og materiale som støtter deira estetiske uttrykksformer. Dei skal bli støtta i å ver aktive og skape egne kunstnariske kulturelle uttrykk.



*Progresjonsplan for:
Kunst, kultur og kreativitet*
Mål er henta frå Rammeplanen

	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«.. vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk.»	«.. få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.»	«Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar.»	«Motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	<p>Fingermaling og maling med pensel.</p> <p>Instrument, klappe, trampe, hoppe og danse.</p> <p>Turar til biblioteket</p> <p>Sanseleikar</p>	<p>Lære forskjellige songar, rim og regler.</p> <p>Undersøke og eksperimentere</p> <p>Møte eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer</p>	<p>Arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk.</p> <p>Bruke ulike teknikkar til å uttrykkje seg estetisk, både ute og inne</p>	<p>Song, dans og musikk skal vere in del av kvardagen.</p> <p>Bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile gruppa.</p>

Fagområde: Natur, miljø og teknologi

Borna skal oppleve meistring ved å ta i bruk naturen i nærområdet. På denne måten kan me fremja ei forståing for viktigheita av å ta vare på naturen og mangfaldet. Borna skal utvikle respekt og byrjande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen

Progresjonsplan for: Natur, miljø og teknologi

Mål er henta frå Rammeplanen

Borna skal læra at alt me finn i naturen skal behandlast med respekt. Me skal iakttta og undre oss over fenomen i naturen og få ei forståing for samspelet i naturen, og mellom mennesket og naturen.



	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«.. leggja til rette for at barna kan får eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arnea for leik og læring.»	«.. bidra til at barna blir glad i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.»	«..læra av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. .»	«Leggje til sette for mangfaldige naturopplevingar..»
Korleis me arbeidar med fagområdet	Erfare at ein kan ha det kjekt ute, uansett årstid og vår. Lære om plantar og dyr. Så frø og sjå dei spire og gro Bli kjend med insekt i naturen	Kjennskap til viktigheita av å ta vare på naturen Erfare at naturen er arena for leik og læring Konstruksjonsleik Bli kjend med årstidene Bli kjend med dyr i naturen	Få innsikt i miljøvern Kjeldesortering Så, ta vare på og hauste inn frå grønsakshagen Undre seg og stille spørsmål til erfaringar Plukke boss frå naturen	Bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring. Utforske og eksperimentere Synleggjere naturfenomen Reflektere saman med borna om samanhengar i naturen

Fagområde: Mengd, rom og form

Matematikken er sentral i opplæring som skulefag, men også i barnehageåra der borna har ei stor utvikling når det gjeld forhold til matematikk. Matematikk er ein naturleg del av leiken og kvardagen.

Progresjonsplan for: Mengd, rom og form

Mål er henta frå Rammeplanen

Barnehagen skal synleggjera samanhengar og leggje til rette for at borna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved sjølv å vere kreative og skapande.



	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«..synleggjere samanhengar og leggje til rette for at borna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.»	«..skal stimulere borna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.»	«Leik og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og få erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på.»	«Skal leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i leik og kvardag.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	<p>Leik med former:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Puslespel - Konstruksjonsleik - Duplo - Puttekassar <p>Bruke matematiske begrep aktivt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tung/lett - Under/over - Først/sist - Framfor/bak 	<p>Problemløysing</p> <p>Spele spel og puslespel</p> <p>Eksperimentering</p> <p>Erfare antal, mål og form i matlaging</p> <p>Konstruksjonsleik</p> <p>Arbeidsverktøy: Mattekassen</p>	<p>«Trampoline» blir aktivt nytta i 5-årsklubben og inneheldt ulike matematiske oppgåver.</p> <p>Oppdage at matematikk er ein naturleg del av livet vårt.</p> <p>Arbeidsverktøy: Mattekassen</p>	<p>Støtte borns evne til problemløysing</p> <p>Bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen</p> <p>Bidra med matematiske idear</p> <p>Leite etter mønster, ute og inne</p> <p>Lett tilgang til spel og konstruksjonsleik</p>

Fagområde: Etikk, religion og filosofi

Fagområdet skal rette særleg fokus mot barnehagens samfunnsmandat og verdigrunnlaget i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald. Borna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn.

Saman skal me utvikle ei interesse og respekt for kvarandre og forstå verdien av likheit og ulikheit i eit fellesskap. Borna vil erfare at det finns mange ulike måtar å forstå ting på, og utvikle respekt for kvarandre.

Barnehagen skal bidra til å leggje grunnlaget for kritisk tenking og dømmekraft gjennom å undre oss over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål. Me skal stille kvarandre spørsmål, lytte, reflektere og finne svar.

Progresjonsplan: Etikk, religion, filosofi

Mål er henta frå Rammeplanen

	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«Utvikle interesse og respekt for kvarandre..»	«Skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre mennesker.»	«Gjennom å samtale og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.»	«Samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eiga deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	<p>Hjelpe</p> <p>Dele</p> <p>Vere god med kvarandre</p> <p>Bruke forteljingar med formidling av verdiar og haldningar</p> <p>Gå i Lucia-tog på sjukeheimen</p>	<p>Forstå verdien av likskap og ulikskap i eit fellesskap</p> <p>Kjennskap i korleis me feirar høgtider og dei tradisjonane me markerer</p> <p>Gå i Lucia-tog på sjukeheimen</p> <p>Kjenne igjen ulike kjensleuttrykk hjå andre</p> <p>Arbeidsverktøy: - Småsteg</p>	<p>Kjennskap til tradisjonar knytta til religionar som er representert i barnegruppa</p> <p>Gå i Lucia-tog på sjukeheimen</p> <p>Leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft</p> <p>Arbeidsverktøy: - Småsteg</p>	<p>Vere imøtekommande i forhold til ulike religiøse livssyn me møter i foreldregruppa</p> <p>Markere høgtider</p> <p>Formidle forteljingar og skape rom for borna sine opplevingar, samtalar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle spørsmål</p>

Fagområde: Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen skal leggje til rette for at alle born skal oppleve rørsleglede gjennom leik og sosial samhandling. Barnehagen skal bidra til at borna utviklar eit bevisst forhold til eigen kropp og respekterer andre sine grenser

Progresjonsplan for: Kropp, rørsle, mat og helse

Mål er henta frå Rammeplanen

Barnehagen serverer alle måltid, og dei skal vere i tråd med nasjonale retningslinjer. Me har fokus på fisk og har også kjøttfrie måltid basert på ei meir berekraftig utvikling.

4 og 5 åringane våre deltek i symjetilvenning delar av barnehageåret, og me nyttar hallen heilt frå småbarnsavdeling. Gjennom heile året, og til alle årstider, skal borna få gode opplevingar frå friluftslivet.

	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø..»	«Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere..»	«..bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrje, slik at barna kan oppleve tilhørsliv til nærmiljøet.»	«Personalet skal sørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	<p>Tilvenning i barnehagen</p> <p>Trygg og god oppstart</p> <p>Små grupper med trygge vaksne</p> <p>Turar i nærområdet</p>	<p>Forståing av å vere del av eit større fellesskap</p> <p>Fast turdag i veka der dei gjer seg kjend med det me finn i nærområdet</p> <p>Medverknad i sin eigen kvardag</p> <p>Erfare at alle får utfordringar og like tilhøve til å delta</p> <p>Bli kjend med at samane er Noregs urfolk</p>	<p>Medverknad i eigen kvardag</p> <p>Gå turar og besøke dei forskjellige arbeidsplassane på øya vår</p> <p>Bli kjend med noko av den lokale historien</p> <p>Bli kjend med at samane er Noregs urfolk</p>	<p>Fremje likestilling og motverke diskriminering</p> <p>Bidra til at borna blir kjend med sitt nærområde og øya dei bur på</p>

Fagområde: Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at borna blir kjent med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Me utforskar ulike landskap, vert kjend med stadar i nærmiljøet, lærar å orientere oss og ferdast trygt.

Progresjonsplan for: Nærmiljø og samfunn

Mål er henta frå Rammeplanen

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaringar med våre lokale tradisjonar, samfunnssituasjonar og yrke. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er også ein del av fagområdet.



	0 – 2 år	3 -4 år	5 – årsklubben	Vaksenrolla
Overordna mål	«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø..»	«Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere..»	«..bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrje, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet.»	«Personalet skal sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre.»
Korleis me arbeidar med fagområdet	<ul style="list-style-type: none"> Tilvenning i barnehagen Trygg og god oppstart Små grupper med trygge vaksne Turar i nærområdet 	<ul style="list-style-type: none"> Forståing av å vere del av eit større fellesskap Fast turdag i veka der dei gjer seg kjend med det me finn i nærområdet Medverknad i sin eigen kvardag Erfare at alle får utfordringar og like tilhøve til å delta Bli kjend med at samane er Noregs urfolk 	<ul style="list-style-type: none"> Medverknad i eigen kvardag Gå turar og besøke dei forskjellige arbeidsplassane på øya vår Bli kjend med noko av den lokale historien Bli kjend med at samane er Noregs urfolk 	<ul style="list-style-type: none"> Fremje likestilling og motverke diskriminering Bidra til at borna blir kjend med sitt nærrområde og øya dei bur på

Leik

Leiken har ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for bornas utvikling, læring, sosiale og språklege samhandlingar.

Frileik har ein viktig funksjon for bornas utvikling. Her lærer borna blant anna å ta initiativ sjølv, dei utviklar kreativiteten og dei inviterar fleire med i leiken. Dei samarbeidlar, forhandlar, utviklar språk og ventar på tur.

Likevel kan det oppstå uheldige samspelsmønster, nokre born deltar ikkje naturleg i leiken og fell utanfor leikefellesskapet i barnehagen. [Dei fleste born som blir mobba i barnehagen opplever utestenging frå leiken.](#)

Personalet skal fremja eit inkluderande miljø, der alle born kan delta i leik og erfare glede med leiken. Me skal leggje til rette for ulike formar for leik, materialer og aktivitetar som inspirerar til vidare leik. Dette vil me gjere gjennom:

- Leikegrupper – planlagde grupper for å sikre at alle born får delta, og øve på samspel i leiken.

- Organisert leik – både ute og inne, for å motivere og inkludere alle born i leiken.
- Frileik inne og ute – der dei vaksne er med på borna sine premisser.
- Personalet tar initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.
- Personalet rettleiar borna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster

Læring

Borna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leika, utforske, læra og meistra. [Saman skal me utforske, oppdage og eksperimentere slik at borna får utvide sine perspektiv og få ny innsikt.](#)

Gjennom ulike prosjekt og arbeid med fagområda i Rammeplanen legg ein opp til felles læringsarenaer som er tilpassa dei ulike barnegruppene. Utgangspunkta i desse gruppene er borna sine forutsetningar og interesser.

Også gjennom samtalar eller leik vil me legge opp til spontane læringsmoglegheit. Dette er

også ein av måtane borna sjølv kan vere med å påverke sin barnehagekvardag med å fortelje, vise eller undre seg – og dette kan igjen bli tatt med inn i større og meir planlagde prosjekt. Andre gongar blir det lagt opp til leikende læring gjennom leikegrupper, rolleleik og andre organiserte aktivitetar.

Lærings situasjonar oppstår ofte spontant, der den vaksne følgjer opp borna si undring og spørsmål.

I barnehagen vår skal personalet:

- Vere merksam på barnas interesse og engasjement, og på den måten leggje til rette for læring i ulike situasjonar.
- Sørgje for at alle barn får rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar.
- Utvide barnas erfaringar og sørgje for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen.
- Støtte barns refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei.

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at borna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje borna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og til andre.

Barnehagen skal vere ein sterk formidlar av medmenneskelege verdiar. Me skal støtte og rettleie borna til å bli trygge på seg sjølv og oppmuntre dei til å dele sin kunnskap, nysgjerrigheit, omsorg og empati for andre.

Gjennom rollepåverknad og relasjonar har vaksne ei makt til å hemma eller fremja bornas livsutfoldelse. [Born speilar dei vaksne sine handlingar, og tilsette i barnehagen må vere bevisst sitt forhold til sin funksjon som rettleiar.](#)

I barnehagen vår skal personalet:

- Oppmuntre borna til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta imot omsorg.
- Sørgje for at alle born trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrslse i barnehagen.

- Dele borna i små grupper, slik at ein får meit kvalitetstid med kvar enkelt barn.
- Gje tilbakemeldingar på borna sin kommunikasjon og handlingar, synleggjere og verdsette positive relasjonar som skjer mellom borna.
- Tilsette stiller også spørsmål til kvarandre sine handlingar og reflekterer saman om eigne og andre sine roller.



Bornas medverknad

Ein skal vektleggje synspunkta til borna i samsvar med alder og modenskap. Borna skal ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta for. Dei skal kunne påverke dagen sin gjennom samtalar, opplevingar, interesse, undring, og det dei uttrykker til kvarandre og dei vaksne.

Bornas medverknad blir ivaretatt gjennom:

- Val av aktivitetar
- Borna sine innspel og ynskjer blir tatt på alvor, og me vurderer gode løysingar saman med borna.
- Godt dagleg samspel mellom born og vaksne.
- Vaksne som er gode til å lese kva borna vil formidle gjennom mimikk og kroppsspråk.
- Borna får delta/hjelpe til i dagleg praktisk arbeid.
- Me har eit miljø der borna opplever at sin stemme er viktig.

Me er opptatt av «barnets stemme» og gjennomfører jamlege barnesamtalar både med enkeltbarn og barnegrupper. Her blir det vektlagt borna sine meningar om eigen trivsel, vennskap, opplevingar og kjensler.



Danning

«Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av».
(Rammeplanen for barnehagen)

Danning er ein livslang prosess med øving i å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte.

Borna i barnehagen blir støtta til å uttrykkje eigne synspunkt og meiningar. Me vil bidra til at borna utviklar kritisk tenking og evne til motstand, slik at dei kan bidra til endring.

Borna skal føle at dei er viktig og blir tatt på alvor, at dei er viktig for fellesskapet – der dei vil få moglegheita til å bidra. Me vil gje dei oppgåver som utfordrar dei, men som dei vil meistra. Dei vil få kjenne på den gode meistringskjensla – noko som vil få dei til å ville utfordre seg sjølv igjen.

I barnehagen får borna delta i beslutningsprosessar og utvikling av felles innhald. Når me set fokus på å styrke bornas medverknad, støtter me opp under bornas eigen og aktive sjølvdanning. [Borna skal erfare at dei er ein medborgar i det livet dei lever her og no.](#)



I barnehagen vår skal personalet:

- Synleggjere og verdsetje behov, meningar og perspektiv i fellesskapet.
- Synleggjere og framheva mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.
- Utfordre tenkinga til borna og invitere dei inn i utforskande samtalar.
- Introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar.
- Me tenkjer at danning er ein livslang prosess, og me jobbar kontinuerleg med at borna skal bli den beste versjonen av seg sjølv, og i samspel med andre.
- Livet består av oppturar og nedturar, og me er trygge tilstadeverande vaksne som hjelper borna både i medgang og motgang.

Kommunikasjon og språk

Borna skal utvikle eit språk som dei kan nytta til å kommunisere godt med, kunne sette ord på tankar og kjensler. Personalet skal vere gode rollemodellar ved å bruke språket godt i samtalar med borna, bruke tid på forklaring, undre oss saman og rettleie.

Dei yngste borna i barnehagen har ofte eit lite verbalt språk. Dei formidlar mykje gjennom kroppsspråk, mimikk, lydar og gestar. Dette må personalet vere lydhøyr for og ha kompetanse til å tolke.

Alle born skal få god språkstimulering gjennom kvardagen, og alle born skal få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilheitleg språkutvikling.

I barnehagen vår skal personalet:

- Anerkjenne og respondere på ulike verbale og ikkje – verbale uttrykk til borna og støtte språkutviklinga deira.
- Vere bevisst si rolle som språkleg førebilete og vere lydhøyr i kommunikasjon med borna.
- Fange opp og støtte born som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite

språkleg aktiv eller har sein språkutvikling.

- Gå djupare inn i tekst saman med borna, arbeide med språk og innhald.
- Ha fokus på lesestopp, dialogisk lesing og førforståing.
- Presentere nye og varierte tekstar i form av dikt, eventyr, rom og reglar som blir arbeida med over tid.



Vennskap og fellesskap

Barnehagen skal aktivt leggja til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Det omfattar kunnskapar, ferdigheitar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for bornas utvikling, læring og sosiale språklege samhandlingar.

Nokre born deltar ikkje naturleg i leiken og fell utanfor leikefellesskapet i barnehagen.

Barnehagen skal leggje til rette for ulike former for leik, materialer og aktivitetar som inspirerar til vidare leik. Dette gjer me gjennom:

- Leikegrupper → planlagde grupper for å sikre at alle born får delta og øve på samspel i leiken.
- Organisert leik → både ute og inne, for å motivere og inkludere alle i leiken.
- Frileik → Der dei vaksne er med på borna sine premiss.
- Personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.

Barnehagens psykososiale miljø

Alle som arbeidar i barnehagen har ei plikt til å følgje med på korleis alle borna i barnehagen har det. Barnehagen er ein viktig arena for å forebygge og stoppa krenkande åtferd slik som utestenging frå leik, plaging, mobbing, vald eller diskriminering.

For å skape ein barnehage med godt psykososialt miljø må barnehagen ha:

- Kompetente vaksne som jobbar systematisk med å styrke bornas sosiale kompetanse, og skape eit inkluderande barnehagemiljø.
- Engasjerte vaksne som vektlegg et godt samarbeid med heimen.
- Barnehagen må ha gode rutinar for å følgje med, og vere til stade for borna.

Barnehagen har system for arbeid med forebygging, avdekking og handtering av mobbing og uheldige samspelsmønster. Barnehage, skule og SFO har delteke i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «inkluderande barnehage – og skulemiljø». Prosjektet er ei viktig satsing i arbeid mot eit trygt godt miljø, som er avgjerande for born og unge si læring,

livskvalitet og livsmeistring både her og no, og seinare i livet.

Barnehageåret 2023/2024 vil tilsette halde fram med å delta på ulike foredrag og kompetanseheving innan inkludering. Dette vil bli tatt med vidare i arbeidet i barnehagen.



Den digitale praksisen i barnehagen

Den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktiv saman med borna. Det skal bidra til å gje borna eit rikt og allsidig læringsmiljø, og ikkje dominere som arbeidsmetode.

Me nyttar den digitale praksisen i ulike fagområder, slik at borna gjer seg erfaringar både innan matematikk, språk, tekst, kreativitet og kunst. Borna får også nytta «minirobottar» der dei med logisk tenking, teljing og retning skal klare å få den riktig plassert. Med nyttar ulike apper til iPad der borna får gjere seg erfaringar innan språk og matematikk – som er tilpassa kvar enkelt barn.

Borna skal også gjere seg erfaringar i å skape noko sjølv. Om det anten er video, bileter til ei bok dei skriv sjølv, dramatisering av ein kjend historie eller opptak av eigenkomponert musikk.

I barnehagen vår skal me:

- Leggje til rette for at born utforskar, leikar, lærer og lar dei sjølv skape noko gjennom digitale uttrykksformer.
- Vurdere om mediebruken er relevant og eigna.
- Utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med borna.



Arbeidsverktøy

AlleMed

AlleMed er eit observasjonsmateriale som kan brukast på alle born i barnehagen, uansett alder. Skjemaet kan følgje barnet gjennom heile barnehagetida og gjer eit heilhetleg bilete av barnet si meistring.

Observasjonsområda er inndelt i seks område: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotoriske utvikling, språk og sosio – emosjonell utvikling. Skjemaet er i tråd med den nasjonale satsinga om å fange opp dei borna som slit med meistring, så tidleg som mogleg.

Tras

Barnehagen er ei viktig arena for kartlegging av barns språkutvikling, tilrettelegging, gode aktivitetar og moglegheit for å støtte born og føresette. Barnehagen har ein unik moglegheit til å oppdage om born har forseinka eller mangelfull språkutvikling. Kartlegging av språk er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit utgangspunkt for å gje born som treng ekstra oppfølging; god og tidleg hjelp.

TRAS er ingen test, men ein systematisk måte å få forståing for borna si språklege utvikling gjennom observasjonar i bornas naturlege situasjonar, som leik og samspel.

Småsteg

Småsteg er eit hjelpemiddel for å rettleia borna til å lære, bruke og øve på ferdigheit for sjølvregulering, sosial og emosjonell kompetanse. For at borna skal få venar forutset det at ein har ein sosial kompetanse på korleis ein kjem i kontakt med andre, at ein må lytte, vise empati – og ikkje minst, respektere kvarandre for den dei er.

Det er også forebyggande materiale i arbeidet mot mobbing, gjennom å fremje empati og utvikle borna sin sosiale og emosjonelle kompetanse.

Språksprell

Språksprell er eit pedagogisk materiale til ulike språklege leikar. Formålet med leikane er å stimulere borna si språklege bevisstheit. Leikane er delt inn i fire område:

- Oppmerksamheit på lyd
- Rim og regler
- Stavelsesdeling
- Forlydsanalyse

Dette er med på å gje borna ein felles språkleg plattform, dei dei stiller med meir like forutsetningar når dei møter skriftspråket på skulen.

Mattekassen

Mattekassen er eit arbeidsverktøy som er med på å gje borna mange gode matematikkopplevingar. Den er med på å gje personalet idear til aktivitetar som kan vere med å utvikle borna si matematikkforståing. Her møter borna blant anna fargar, former, konstruksjon, sortering, tal, teljing og mønster, der ein kan tilpasse vanskeleghetsgrada til dei forskjellige oppgåvene.



Planlegging og vurdering



Planlegging

Planane våre tek utgangspunkt i målsetjinga om at det me gjer skal vere til barnas beste. Dei byggjer på kunnskap om korleis born utviklar seg og lærar. Erfaringar gjennom observasjon, refleksjon og systematisk vurdering dannar grunnlaget for planlegginga av barnehagekvardagen, for fysisk tilrettelegging og organisering.

Me planlegg på forskjellige måtar:

- Personalmøter, avdelingsmøter og ped.leiar møter.
- Vekeplanar / månedsplanar
- Temaplan
- Årsplan

Vurdering

I barnehagen skal me jamleg vurdere arbeidet vårt for å sikre at alle borna får eit tilbod som er i tråd med barnehageleva og rammeplanen.

Heile personalet skal delta i dette arbeidet gjennom refleksjon og faglege og etiske problemstillingar.

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er viktig for trivsel, utvikling og læring hjå borna.

For å sikre kvalitetsutviklinga vil me vurdere arbeidet vårt på forskjellige måtar:

- Månedsrapportar
- Avdelingsmøter
- Avdelingane har felles personalmøte og planleggingsdagar
- Bornesamtalar

Samarbeid med andre

Foreldreråd (FAU)

Alle føresette er medlem at foreldrerådet. På det første foreldremøtet i barnehageåret vel ein tre representantar til FAU.

FAU representerar alle føresette og har rett til å drøfte saker som er viktig for føresette. Dei kan på eige initiativ kalle inn heile foreldrerådet, og dei kan sende saker til SU.

Samarbeidsutvalet (SU)

I SU er det ein representant frå FAU, ein frå dei tilsette i barnehagen, ein eigarrepresentant for Fedje kommune, og styrar deltek som sekretær.

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ, og skal vere med å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag.

Utvalet skal uttale seg om saker som har betydning for innhaldet i barnehagen og tilhøva til føresette.

Helsestasjon

Helsestasjon og helsesjukepleiar er viktige samarbeidspartnarar med tanke på borna si utvikling og helse.

Helsestasjonen har òg ansvar for å drive generelt førebyggjande arbeid for å trygge borna sine oppvekstvilkår i kommunen.

Barnehagen kan rådføre seg med helsejukepleiar eller lege i saker der det er naudsynt.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT er ei teneste som skal rettleia om innhald og organisering av spesialpedagogisk tiltak for born med særskilte behov.

Tenesta kan også delta i utviklinga av barnehagen sitt pedagogiske innhald, med hovudoppgåve å rettleia.

Ta kontakt med barnehagen dersom du vil vita meir om kva du som føresett kan gjera dersom du er bekymra.

Barnevernstenesta

Barnevernstenesta har også ein viss rettleiingsfunksjon.

Alle barnehagetilsette har gjennom barnehagelova, utan hinder av teieplikt, pålagt å gje opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandlar eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Tverrfagleg team

I det tverrfaglege teamet deltek PPT, helsejukepleiar, barnevern, kommunepsykolog, barnehagefagleg ansvarleg og skulefagleg ansvarleg.

Målet med teamet er i første linje eit tilbod i form av eit lågterskeltilbod, der målet er å kome med førebyggjande tiltak på eit tidleg tidspunkt.

Fensfjorden DUÅ

Fedje barnehage deltek på ulike nettverkssamlingar for tilsette i barnehagar som er knytt til Fensfjorden PPT.

Gjennom nettverket deler barnehagane ulike erfaringar kring arbeidet med DUÅ. Målet med samlingane er å auka medvit rundt korleis me arbeidar med DUÅ, innspel og råd til vidare arbeid.

Tilsette utan DUÅ – kurs tar dette saman med tilsette frå andre barnehagar i same nettverk. Det vert også lagt opp til at kvar kommune skal dele på å ha kurset, og tilsette i Fedje barnehage skal sjølv kunne ha kurset.

Årshjul

Månad	Kva skjer?	Når?
August	Planleggingsdag	16.august
September		
Oktober	Foreldremøte	Sjå innkalling
November	Foreldresamtalar	
	Planleggingsdag	3. november
Desember	Innlevering av ferieliste – romjul	
1.juledag og 2.juledag	Barnehagen er stengd	25. og 26 desember

Månad	Kva skjer?	Når?
Januar	Barnehagen er stengd	1.januar
	Planleggingsdag	2.januar
Februar	Karneval	Sjå plan
	Planleggingsdag	2. februar
Mars	Barnehagen stenger 12.00	27.mars
	Barnehagen er stengd	28. mars – 1.april
April	Innlevering av sommarferieliste	
Mai	Foreldresamtalar	
	Offentleg høgtidsdag	1.mai
	Kr. Himmelfartsdag	9.mai
	Planleggingsdag	10.mai
	Offentleg høgtidsdag	17.mai
	2.pinsedag	20.mai
Juni	Overgangsmøte barnehage - skule	

